

# Raastad



**Gnr. 31, 32 og 33**

Av Knut Raastad, november 2024



*Raastad ca. 1930. Foto: Hans Joramo*

# Raastad sygard, gnr. 31, bnr. 1

Gml.nr. 21, nytt nr. 30, l.nr. 40

8 skinn 12 alen vadsmål (dvs. 3 huder 8 skinn)

Ellef vart i skattelister nemnd som brukar av krongodset Råstad frå 1610 til 1625, han hadde 2 sønner:

Per

Tore

Finn Jonsen løyste fyrstebygsel på 1 hud av Råstad som Eilev hadde gjeve frå seg.

Jakob Larsen Kvarberg f.ca.1575 d.ca.1660 fekk i 1628 pant i 2 ½ hud krongods i sygard Råstad slik at han og etterkomarar skulle ha fyrsterett på bygsel, og i 1633 betalte han fyrstebygsel også på reisten ½ hud i Råstad. Jakob var gift med Rønnaug Iversdotter Sandbu upp-sør f.ca.1594 dotter til Ivar Amundsen Sandbu f.ca.1543. Jakob og Rønnaug budde truleg på nigard Kvarberg, dei hadde 7 barn, dottera Aase d.1674 kom til Råstad.

Aase Jakobsdotter Kvarberg d.1674 var gift med Lars Olsen Einangen, Sel d.før 1645, dei hadde 1 barn:

Ola f.før 1649 d.1691, neste brukar

Aase vart nemnd som brukar ved koppskatten 1645. Aase vart gift på nytt med Knut Jonsen f.1614, han vart nemnd som brukar frå 1653 til 1688. Knut var i 1668 brukar av 12 alen vadsmål som tilhørde kongen. Aase og Knut hadde 1 barn:

Randi

Rittmester Ditleff Brochsdorff fekk i 1668 skjøte på mykje krongods som oppgjer for lån til kongen. Dette omfatta bl.a. Råstad 12 alen vadsmål (3 huder), Skårvangen 6 skinn som truleg var Råstadplassen og Borgum engeland 2 skinn. I 1683 la Ola Larsen Raastad fram kjøpebrev på desse eigedommane Råstad med tilhøyrande Skårvangen og Borgen engeland som han hadde kjøpt av Brochsdorff. Ola Larsen Raastad f.ca.1645 d.1691 var gift med Ragnhild Iversdotter Sandbu upp. nord d.etter 1697 dotter til Iver Toresen Sandbu d.1679 og Mari Johannesdtr. d.etter 1679. Enkja Ragnhild vart nemnd som brukar i 1711. Ola og Ragnhild hadde 2 barn:

Iver d.1697

Aase d.1737, neste brukar

Aase Olsdotter Raastad d.1737 var gift med Ola Iversen Lunde nig. f.ca.1678 d.1749 son til Iver Olsen Lunde 1632-1697 og Aase Tordsdtr. Bjølstad f.ca.1640 d.1697. Aase og Ola var eigarar av både Råstad og Lunde. I 1723 vart Ole Iversen Lunde nemnd som eigar, medan ein Ole Johannesen var brukar. Det er ikkje kjend kven han var. Aase og Ola hadde 3 barn:

Iver f.ca.1707 d.1752, g.m. Kari Iversdtr. Sandbu 1716-1746. På Lunde

Iver f.ca.1711 d.1744, ugift. Ei tid på Kongsberg.

Ola 1715-1797, neste brukar

Iver f.ca.1711 d.1744 overtok Råstad. Men i 1740 var det skjøte frå han til broren Ola for 599 rd. og føderåd. Ola Olsen Raastad 1715-1797 var gift med Randi Andersdotter Øy Sunde 1724-1805 dotter til Anders Jakobsen Øy/Sunde f.ca.1688 d.1777 og Torø Larsdtr. Øy. Ola og Randi hadde 7 barn:

Ola 1743-1744

Aase 1745-1749

Ola 1749-1770

Aase 1751-1815, g.m. Anders Johannessen Sunde 1758-1828

Else 1754-1760

Anders 1756-1841, neste brukar

Kari 1758-1758

I 1785 var det skjøte på Råstad 3 huder og Skårvangen engeland 8 skinn frå Ole Olsen til Anders Olsen for 599 rd. Anders 1756-1841 var gift med Kari Iversdotter Fellese 1762-1834 dotter til Iver Christensen Fellese 1735-1802 og Anne Pålsdtr. Tofte 1736-1792. Anders og Kari dreiv både Råstad og Fellese. Dei hadde 8 barn:

Ola 1780-1816, g.m. Guri Pålsdtr. Tolstad 1779-1810. På Fellese.

Iver 1784-1808, neste brukar

Hans 1788-1825, seinare brukar

Ragnhild 1791-1869, g.m. Syver Johnsen Blessum s. 1792-1827

Ole 1796-1859, ugift

Anne 1799-1852, ugift

Kari 1803-1880

Iver 1805-1832, ugift

I 1805 var det skjøte på Råstad 12 alen vadmål 8 skinn frå Anders Olsen til Iwer Andersen for 800 rd. Iver 1784-1808 døydde etter tre år, og faren overdrog så til neste son.

I 1808 var det skjøte på 8 skinn 12 alen vadmål frå Anders Olsen til Hans Andersen for 1000 rd. Hans Andersen 1788-1825 var gift med Guri Iversdotter Lunde nig. 1792-1840 dotter til Ivar Olsen Lunde 1768-1832 og Rønnaug Guttormsdr. Graffer 1768-1861. Hans og Guri hadde 4 barn:

Kari 1811-1902, g.m. Erik Eriksen Blessum n. 1825-1863

Rønnaug 1813-1816

Rønnaug 1818-1879, g.m. Ole Syversen Veggum n. 1814-1888

Anders 1819-1885, neste brukar

I 1832 var det skjøte på gardparten Råstadplassen frå enkja Guri Iversdotter til Iver Iversen for 50 spd., det er uklårt kven dette var.

Anders Hansen overtok Råstad og underbruket Råstadplassen ved skifte etter mora i 1843, eignedommen vart utlagt til han for 955 spd. Anders var gift med Mari pålsdotter Tolstad

1825-1887 dotter til Pål Hansen Tolstad 1792-1864 og Mari Olsdr. Slette 1794-1847. Anders og Mari hadde 9 barn:

Hans 1850-1925, neste brukar

Paul 1851-1852

Paul 1853-1912, g.m. Livø Pålsdr. Kvåle 1867-1950. Til Kvarberg n.

Ole 1855-1928, g.m. Rønnaug Pedersdr. Spelmannstugu 1863-1950

Iver 1858-1927, g.m. Ragnhild Pålsdr. Mo 1873-1937

Gustav 1860-1885

Guri 1863-1885

Mathias 1865-1943

Anton 1868-1931

Hans Andersen overtok med kjøpekontrakt i 1881 sygard Råstad samt l.nr. 42 b og 61 og lausøyre for kr 10000,- og føderåd, dei ugifte syskjena skulle ha rett til å vera på Råstad. L.nr. 42 b vart samanføynd med Råstad i 1889. Hans var gift med Mari Torsdotter Kleppe s. 1855-1936 dotter til Tor Pålsen Valbjør 1819-1897 og Aase Olsdr. Kleppe s. 1830-1921. Hans og Mari hadde 4 barn:

Anders 1886-1973, neste brukar

Tor 1888-1976, g.m. Eldrid Ivarsdr. Sande 1895-1997. Til Sande

Mari 1891-1963, g.m. Ivar Johannessen Viste n. 1890-1972

Gunhild 1894-1972

Anders 1886-1973 overtok etter foreldra i 1913. Anders vart 1933 gift med Barbro Amundsdotter Sønsteng s. 1909-1995 dotter til Amund Rasmussen Lund 1885-1950 og Anne Sønsteng 1883-1966. Anders og Barbro hadde 5 barn:

Mari f.1933, neste brukar

Randi f.1936, g./skilt Næprud. Har dottera Britt Sissel f.1967

Aase f.1940

Helga f.1942, g.m. Ola Bjørnsen

Marit f.1945

Mari overtok etter faren i 1966. Mari vart 1974 gift med Jo Torvaldsen Kagrud, Heidal f.1924, son til Torvald Jonsen Kagrud 1893-1979 og Anne Iversdr. Kruke 1895-1992.

Anders Gustav Bjørnsen f.1977 overtok etter tanta. Anders er son til Helga Raastad f.1942 og Ola Bjørnsen.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slektene på Fellese og nigard Kvarberg

Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Trygve Haakenstad, Jutulen 2018: Råstad-gardene

Jakup Skjedsvoll: opplysningar bygsel mm. fyrst på 1600-talet

# Raastad megarden, gnr. 32 bnr. 1

Gml.nr. 22, nytt nr. 31, l.nr. 41  
3 huder 11 skinn

Skolen i Oslo var eigar av Råstad 3 huder. Oppsitjarane var eigarar av Skårvangen engeland 11 skinn.

Knut vart nemnd som brukar frå 1610 til 1620. Truleg hadde han sønnene

Mikkel, neste brukar

Erik f.ca. 1584 d.1678, seinare brukar

I åra 1621 til 1643 vart Mikkel nemnd som brukar.

Koppskatten 1645 nemnde at brukaren var Erik Knutsen. Han vart nemnd som brukar i 1635 og frå 1643 til 1666. Matrikkelen 1668 nemnde at Erik var brukar av 3 huder kanonigodes.

Erik var gift med Ragnild Olufsdotter, dei hadde 2 barn:

Ole 1645-1705, neste brukar

Rønnog

Ole Eriksen vart nemnd som brukar i 1666 saman med faren Erik Knutsen. Ole var gift med Anne Pålsdotter som truleg var frå nedre Bjørnstad. Skoskatten 1711 nemnde Anne Pålsdotter, men ikkje som brukar.

Paul Paulsen var brukar på megarden Råstad fyrst på 1700-talet, skoskatten 1711 nemnde brukaren Paul Paulsen med kvinne og tre barn. Pål var bror til Anne Pålsdotter og i 1705 betalte han 24 rd. til syster si for arveretten. I 1723 var Paul brukar av 3 huder som fortsett var eigd av Christiania skole, dette kjøpte han på auksjon i 1736 for 501 rd. Han brukte også 11 skinn som han eigde sjølv, dette kjenner vi att som engeland i Skårvangen. Paul Paulsen var truleg son til Paul Andersen Bjørnstad nedre, saman med broren Svein Paulsen Kruke brukte Paul Paulsen garden Rottem fyrst på 1720-talet. Paul Paulsen var gift med Embjørg Eriksdotter Lunde u. d.ca.1735 dotter til Erik Olsen Lunde f.ca. 1615 d.ca.1686 og Randi Torsdtr. Paul og Embjørg hadde 4 barn:

Ole f.ca.1704, Hans og Amund fekk arv etter han i 1756

Eirik f.ca.1707, neste brukar

Amund f.ca.1710 d.1792, seinare brukar

Hans 1713-1782, g.m. Mari Amundsdr. Viste f.1714. Til nørste Råstad.

Eirik Paulsen var brukar i 1750-åra, han fekk i 1751 skjøte frå brørne sine Hans og Amund for 228 rd. Eirik lånte i 1758 1350 rd. av Guttorm Torsen Åsåren med pant i Råstad

Amund vart nemnd som brukar i 1768, og han fekk i 1760 skjøte på Råstad 3 huder 11 skinn. Han lånte 1005 rd. av Guttorm Tordsen Åsåren. Amund fekk skjøte på oppigard Lunde i 1743 og selde att i 1755. Amund selde i 1783 odels- og løysingretten til Råstad på vegne av sonen. Amund var gift med Gunhild Ivarsdotter Siem 1720-1810. Dei hadde 5 barn:

Povel f.1744

Iver f.1747

Imbjør 1754-1832, hadde med Peder Lunde s. f.ca.1750 sonen Iver 1786-1844 som kom til Skulmesterstugu

Poul f.1760, i militæret i 1783

Svend f.1764

Guttorm og Ragnhild Åsåren skifta i levande live i 1783. Dei var da eigarar av bl.a. Råstad til ein verdi 1050 rd. Guttorm Tordsen Bjølstad 1716-1788 var son til Tord Tordsen Bjølstad og Guri Olsdtr. Slette. Guttorm vart 1756 gift med Ragnhild Jutssdotter Åsåren 1734-1826 dotter til Just Kristensen Åsåren og Ingeleiv Pålstr. Ellingsbø. Guttorm og Ragnhild hadde 6 barn, bl.a.:

Tord f.1758, neste eigar

Ola 1760-1844, seinæ eigar

Tord Guttormsen overtok truleg Råstad på skiftet i 1783. Tord vart 1780 gift med Anne Paulsdotter Olstad n. 1756-1823 dotter til Pål Hansen Formo og Kari Pålstr. Olstad. Tord og Anne var i 1801 gardbrukar på Olstad der dei også var ved barnefødsel i 1793. Tord og Anne hadde 4 barn:

Kari f.1781

Ragnhild f.1784

Pål 1787-1868, g.m. Ymbjørg Olsdtr. Sandbu nig. s. f.1804

Guri f.1793

I 1798 var det skjøte på Råstad 3 huder frå Tord Guttormsen til broren Ole Guttormsen for 550 rd. Ole Guttormsen Aasaaren 1760-1844 vart 1792 gift med Gunhild Johannesdotter Sve 1771-1848 dotter til Johannes Syversen Sve 1739-1773 og Anne Rasmusdtr. Glimsdal 1739-1776. Ole og Gunhild hadde 7 barn:

Guttorm 1794-1875, neste brukar

Johannes f.1796, i 1865 på legd på Råstad midtre

Ragnhild f.1799

Sjugurd f.1802

Ragnhild f.1804

Tord f.1806, til Amerika 1867

Anne f.1809

I 1824 var det skjøte på Råstad 3 huder 11 skinn frå Ole Guttormsen til Guttorm Olsen for 500 spd. Guttorm vart 1824 gift med Imbiør d.y. Eriksdotter Helle 1802-1842 dotter til Erik Hansen Helle 1761-1841 og Marit Knutsdtr. Siem Huden 1766-1808. Guttorm og Imbiør hadde 7 barn:

Gunhild 1824-1904, g.m. Lars Olsen Kvernhushaugen Stokstadeie 1817-1893  
Marit f.1826, g.m. Ole Rasmussen Klonesbakken f.1824. Til Asker i 1857.  
Ola 1828-1913, g.m. Gunhild Andersdtr. Tolstadeie f.1834 d.før 1900  
Hans f.1830, til USA i 1863  
Ragnhild f.1833, til Asker i 1867  
Ingeborg f.1836  
Knut 1839-1860

I 1834 var det skjøte på Råstad 3 huder 11 skinn frå Guttorm Olsen til Tosten Olsen Haagenstad for 1500 spd. I 1865 var Guttorm på legd på Råstad midtre.

Tosten Haagenstad døydde i 1855, og i 1856 var det faren Ole Haagenstad som skreiv ut skjøte til svigersonen Paul Paulsen Haagenstad.

I 1896 var det skjøte på Råstad gnr. 32 bnr. 1 og fleire eigedommar frå Mari Haagenstad til Ole Paulsen Haagenstad.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slekten på Helle  
Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker  
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.  
Trygve Haakenstad, Jutulen 2018: Råstad-gardene  
Engbret Hougen, 1974: Ættesoge for Gudbrandsdalen III: Åsåren

## **Raastad nordgard, gnr. 33 bnr. 1**

Gml.nr. 23, nytt nr. 32, l.nr. 42

2 huder

Gnr. 33 bnr. 2, l.nr. 42 b til sygard

Nordgard og nørdeste var ein gard på 4 huder som utover 1600-talet vart delt i to bruk, men i matrikkelen stod som ein gard. Brukaren rundt 1600 heitte Siver, han hadde 3 sønner:

Tjøstolv, neste brukar

Imbert, til nørste

Erland, til nørdeste

Tjøstolv vart nemnd som brukar i skattelister frå 1610 til 1625. Han hadde sonen:

Siver, neste brukar

Sigver eller Siver var brukar utover til 1661. Sigver var gift med Ragnhild, dei hadde 3 barn:

Ellef f.1620 d.ca.1675, neste brukar

Arne f.1625 d.ca.1694, seinare brukar

Aagot g.m. Ola Olsen

Ellef Sigverdsen f.1620 d.ca.1675 vart nemnd som brukar i koppskatten 1645 og manntalet 1666. Matrikkelen 1668 nemnde Eiluff som eigar og brukar av Råstad 4 huder saman med brukaren på nørdeste, dvs. at Eiluff var eigar av nordgard 2 huder.

I 1666 vart det nemnd at Arne Raastad f.1625 d.ca.1694 var hjå broren Eiluff. Frå 1669 til 1677 vart Arne nemnd som Årnes da han var brukar av Årnes i Ringebu, ein gard på 4 ½ huder der prestbordet eigde ½ hud. Jakup Skjedsvoll meiner at eiga i Årnes kom frå Ola Olsen Tofte, Dovre som hadde gjeve seg inn hjå Arne mot at Arne overtok denne eiga. I brev til statthaldaren i 1674 skreiv Arne at han lovleg hadde kjøpt 3 huder i Årnes og at han hadde overteke 1 hud frå ei gammal kvinne mot at han skulle ha ansvar for henne. Skylda på Årnes vart sett ned ca. 1680 slik at Arne var eigar av 2 ½ huder. Frå 1678 vart Arne nemnd som Raastad att, han hadde da overteke Råstad etter broren som var daud. Ved skifte i 1694 var Arne eigar av Råstad 2 huder. Arne var gift med Berte Johannesdotter Blessom n., dei hadde 3 barn:

Sifer, neste brukar

Gunder d.1721, g.m. Ingeborg Erlandsdtr. Til nordgard Svare

Tjøstold d.ca.1696

Siver Arnesen vart nemnd som brukar i skoskatten 1711, han hadde da kvinne og tre barn.

Siver var gift med Kari Olsdotter Sønsteng, dei hadde 5 barn:

Arne f.ca.1694, neste brukar.

Marit, g.m. Ola Andersen Blessom. Til Sæta.

Ola 1697-1779, g.m. Marit Halvorsdtr. 1708-1772. Til Svare nordgard

Tjøstol f.ca.1702, brukte ei tid 1 hud i nordgard Svare. Til Lundaløkken

Anne

Arne Siverson vart nemnd som eigar og brukar av Råstad 2 huder i matrikkelen 1723. Arne var truleg brukar frå 1723 til 1756. Arne var gift med Aaste Jonsdotter Kleppe s. f.1705 dotter til Jon Tjøstolsen Kleppe f.1663 og Berit Olsdtr. Storvik s. f.ca.1670. Arne og Aaste hadde 4 barn:

Siver 1735-1744

Jon f.ca.1737 d.1824, neste brukar

Siver f.1745, g.m. Eli Svendsdtr. Klonas

Brit f.1750, g.m. Ivar Torsen Siem. Til Huden, seinare Orkdal.

Jon Arnesen Råstad f.ca.1737 d.1824 var gift med Rønnaug Jonsdotter Storvik m. f.ca.1745 dotter til Jon Iversen Storvik og Randi Olsdtr. Jon vart nemnd som brukar frå 1758. Jon og Rønnaug hadde 11 barn:

Aaste d.1839, g.m. Sjugurd Pedersen Garden

Arne 1763-1836, neste brukar

Jon 1765-1849

Rannei 1768-1838, g.m. Ole Dissen på Sel.



Knut 1771-1844, skreddar. Død i Romsdal.

Ragnhild 1774-1838, g.m. Ola Jakobsen Svare nordgard f.1777.

Kari 1777-1859, g.m. Hans Imbertsen Hevle. Til sør-Skjedsvoll

Sjugurd 1780-1840, g.m. Kari Jonsdtr. Sønsteng 1795-1845. Til Brumoen i Vågåmo

Ola f.1783, skulmester

Anne 1786-1867, g.m. Jo Anesen. Til Randen på Tessanden. Anne hadde med sersjant Bø  
sonen Tore f.1812 som kom til Råstadlykkja.

Jo 1790-1865

I 1800 var det skjøte på Råstad 2 huder frå Jon Arnesen til Arne Jonsen for 650 rd. Arne Jonsen Råstad f.ca.1764 d.1836 var gift med Aagot Eriksdotter Helle 1792-1880 dotter til Erik Hansen Helle 1761-1841 og Marit Knutsdtr. Siem Huden 1766-1808. Arne og Aagot hadde 6 barn:

John f.1815, neste brukar

Marit f.1818 d.før 1875, g.m. Hans Syversen Lunde (Husehaugen/Svarehuset) f.ca.1812

Rønnaug f.1821, hadde sonen Ole f.1859 med Gudbrand Olsen Siem 1801-1869

Rønnaug og Ole var i 1875 føderådsfolk på Råstad

Ingeborg 1824-1867, g.m. Ole Frediksen Toug, Sel 1824-1882

Ragnhild 1827-1835

Ole f.1829, til Hammerfest

I 1845 var det skjøte på Råstad frå Aagot Eriksdotter til John Arnesen for 1000 spd. John Arnesen Raastad vart 1844 gift med Eli Jonsdotter Nystugu ved Stuguflåten, Lesja. John Arnesen utvandra til USA i 1867. John og Eli hadde 7 barn:

Aagot 1845-1862

Arne 1847-1866

Marit f.1849, til USA

John f.1852, til USA

Ole f.1855, til USA 1867

Ragnhild f.1858, til USA 1876

Knut f.1862, til USA

I 1861 vart nordgard Råstad av skyld 7 daler 1 ort 7 shilling delt i to l.nr. 42 a 3 daler 3 shilling og 42 b 4 daler 1 ort 4 shilling, og samtidig var det skjøte på 42 b frå John Arnesen til Anders Hansen Raastad for 1200 spd., Aagot Eriksdotter fekk føderåd. Dermed kom denne delen av nordgard Råstad saman med sygard Råstad.

I 1867 var det skjøte på den attverande delen 42 a frå John Arnesen Raastad til Paul Haagenstad for 900 spd.

I 1900 og 1904 vart 32-1 megarden, 33-1 nordgard og 33-3 nørste samanføygd til ei matrikkeleining gnr. 32 bnr. 1 med samla skyld mark 28,71.

I 1904 vart Råstad nordre gnr. 32 bnr. 3 skyldmark 11,48 frådelt frå gnr. 32 bnr. 1 (attverande skyldmark var 17,23). Dette bruket som fekk namnet nordre vart skjøta frå Ole Paulsen Haagenstad til Mathias Andersen Raastad syg. for kr 3000,-. I 1907 tok Paul Olsen Haagenstad v/verje Ole Haagenstad att dette på odel med skjøte frå Mathias Raastad for kr 7200,-.

I 1911 vart Råstad nordre gnr. 32 bnr. 3 delt i Råstad nordre gnr. 32 bnr. 3 skyldmark 2,50 og Råstad nedre gnr. 32 bnr. 6 skyldmark 8,98. Paul Håkenstad var eigar av gnr. 32 bnr. 3 og dette har følgd Håkenstad.

I 1911 vart Horten gnr. 32 bnr. 4 skyldmark 0,40 frådelt frå Råstad gnr. 32 bnr. 1.

I 1911 vart Råstad nordre gnr. 32 bnr. 5 skyldmark 4,02 frådelt frå Råstad gnr. 32 bnr. 1 som hadde att skyldmark 12,61.

I 1912 vart Midtgaard gnr. 32 bnr. 7 skyldmark 2,60 frådelt frå Råstad gnr. 32 bnr. 1 som hadde att skyldmark 10,01.

Stensgaard gnr. 32 bnr. 9 med skyldmark 0,30 vart frådelt i 1925.

Skulmesterstugu gnr. 32 bnr. 15 skyldmark 1,50 vart frådelt i 1946 frå Råstad gnr. 32 bnr. 1 som da hadde att skyldmark 8,21.

Trygve Haakenstad fekk i 1931 skjøte frå faren på Råstad gnr. 32 bnr. 1 for kr 10000,-.

Anton Olsen Teigen kjøpte i 1913 det som nå er nordgard Råstad for kr 7000,-. Han fekk skjøte på gnr. 32 bnr. 5 frå Ole P Håkenstad og på gnr. 6 frå Ole P Håkenstad som verge for den umyndige sonen Paul O Håkenstad. Anton Teigen 1881-1958 var son til Ola Teigen og Kari Lunde. Anton vart 1912 gift med Ågot Svare 1882-1965, dei hadde 5 barn:

Olav 1912-1992, neste brukar

Ragnhild f.1914

Kari f.1915

Ivar f.1917

Hans f.1920

Olav overtok i 1955. Han vart 1946 gift med Åsta Gudveig Blekastad, Sel 1917-1960 dotter til Ivar Blekastad og Ragnhild Klevmellem. Olav og Åsta hadde 4 barn:

Arne f.1947, neste brukar

Ivar f.1949, g.m. Audhild Svensen

Ågot f.1953, g.m. Torstein Ytre, Skjåk

Magnhild f.1955, seinare brukar

Arne overtok etter faren i 1973.

I 1985 overtok Magnhild garden saman med Nils Homb, Leif Morten Syversen og Sissel Jonassen. Magnhild Råstad f.1955 vart 1981 gift med Nils Homb, Ås f.1953 son til Thor Homb f.1916 og Eva Gabrielsen, Vardø f.1922. Magnhild og Nils har 4 barn:

Ola f.1980

Håvard f.1982

Tor f.1984  
Åshild f.1989

Leif Morten Syversen, Ski f.1956 er son til Leif Syversen f.1923 og Kitty Edvardsson, Bergen f.1922. Leif Morten vart 1979 gift med Sissel Jonassen, Kristiansund f.1952 dotter til Ralf Jonassen f.1925 og Esrher Sofie Linn, Trondheim f.1929. Leif Morten og Sissel har 2 barn:

Sivert f.1980  
Hilding f.1983, neste brukar  
Silje f.1988

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slekten på Helle  
Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker  
Norske gardsbruk 1953-1997  
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.  
Trygve Haakenstad, Jutulen 2018: Råstad-gardene  
Jakup Skjedsvoll: slektsoversikt nordgard Råstad  
Aage Lesjø: Opplysningar om Årnes i Ringebu

## **Raastad nørste, gnr. 33 bnr. 3**

Gml. nr. 23, nytt nr. 32, l.nr. 43  
2 huder

Truleg var Imbert Sjugurdson fyrste brukaren på nørste Råstad ved at han og broren Tjøstol overtok kvar sin halvdel av nordgard. Jakup Skjedsvoll og Torbjørn Hagen har greidd ut om at Imbert eller kanskje barna hans har bytta gard med broren Erland Sjugurdson ca. 1630 slik at Imbert og familien flytte til Ommundgard på Lesja. Imbert hadde 2 barn:

Ambjørg, g.m. Eririk Olsen. Overtok Ommundgard. Erik g.2.m. Ågot Olsdr. Øy nedre.  
Eldri, ho eller ei anna syster var g.m. Hans Olsen. Til Lindsø, Dovre og Jemne, Øyer.

Det var skifte etter Erland Sivertsen i 1665. Erland var frå nordgard Råstad. Erland er truleg han som betalte holding av Ommundgard på Lesja i 1605 og framover til 1630, og kom til nørste Råstad ca.1630. Erland hadde 9 sønner:

Trond, f.før1594  
Torchild f.ca.1595, neste brukar  
Hans, til Mågåli søre, Tretten  
Thore f.ca.1601, til Rørvik, Fåvang  
Tosten, til Mågåli nørstre, Tretten  
Peder, f.ca.1606. Ugift, på nørste.  
Thor  
Jon  
Ola, drukna i Måla

Torkild var brukar frå ca. 1644 til ca. 1661 og nemnd som brukar i koppskatten 1645. Torkild var også brukar av Rusnes frå 1621. Torkild hadde 2 barn:

Iver f.1625 d.ca.1691, neste brukar

Anne d.ca.1675, g.m. Ola Klones

Nordgard og nørdeste Råstad vart nemnd i matrikkelen 1668 som ein gard 4 huder med to brukarar som eigde sjølve. Iver Torchildsøn var den eine brukaren, dvs. han brukte nørdeste 2 huder. Iver vart nemnd som brukar frå ca. 1661, men i ei tvistesak i 1671 kan det sjå ut til at han møtte på vegne av faren. Iver var gift med Brynhild Eiriksdotter d.1715, og skoskatten 1711 nemnde henne som brukar. Brynhild var dotter til Bergete og Erik Jonsen Valde n. d.ca.1660. Iver og Brynhild hadde 3 barn:

Torchild, neste brukar

Iver, seinare brukar

Anne, g.m. Abraham Preststulen. Til Bergen.

Torkild var brukar i 1713, det var skifte etter han i 1717.

Iver Iversen overtok etter broren i 1717 mot å betale gjelda, og Iver vart nemnd som brukar i 1723. Det var skifte etter Iver i 1745, Råstad 2 huder var da taksert til 450 rd. Systera Anne var arving.

I 1741 var brukaren Jon, i og med at Iver Iversen var eigar må Jon ha vore forpaktar. Dette var truleg Jon Eriksen Valde n., bror til Brynhild Eriksdtr. Jon hadde truleg 2 sønner:

Tostin, nest brukar

Erik

Kanskje var det sonen Tosten Jonsen som i 1749 fekk betalt 100 rd. for påkostingar, truleg skjedde påkostingane før Hans Pålsen overtok i 1745. Tosten Jonsen Raastad f.ca.1688 d.1766 vart 1739 gift med Marit Andersdotter f.ca.1698 d.1763, dei hade 1 barn:

Jon f.1740

I 1756 var brukaren Hans Paulsen, han fekk skjøte frå Anne Iversdotter i 1745 for 450 rd. I 1749 betalte Hans som nemnd 100 rd. for påkostingar, og i 1757 løyste Hans ut odels- og innløysingsretten frå dottera til Anne Iversdotter for 250 rd. Hans Paulsen 1713-1782 var frå megarden Råstad son til Paul Paulsen og Embjørg Eiriksdotter d.ca.1735. Hans var gift med Mari Amundsdr. Viste u. 1714-1794 dotter til Amund Olsen Viste og Marit Hansdtr. d.1739. Hans og Mari hadde 5 barn:

Imbjør f.1745 d.1783, g.m. Ole Syversen Lunde s. f.ca.1731 d.1816

Amund f.1747

Paul 1754-1809, neste brukar

Marit f.1751

Rønnoug f.1758

I 1775 var det skjøte på Råstad 2 huder frå Hans Poulsen til Poul Hansen for 700 rd. Paul var gift med Barbro Olsdotter 1758-1833. Ved skifte etter Paul i 1809 vart Råstad 2 huder taksert til 800 rd. Paul og Barbro hadde 3 barn:

Hans 1795-1869

Mari 1797-1878, på Råstad øvre i 1865 og 1875

Marit 1800-1877, på Råstad øvre i 1865 og 1875

I 1825 var det skjøte på Råstad 2 huder frå Barbra Olsdotter til Hans Povelsen for 800 spd. Hans Paulsen var i 1865 føderådsmann på øvre (nørdeste) Råstad. Ugifte Hans hadde med Barbra Olsdotter Øi f.1806 1 barn:

Lars f.1829

Skifteprotokollen frå 1870 viser at arvingar etter Hans Paulsen var systrene hans Mari og Marit. I 1844 vart garden overdrege til til systrene for det dei skulle ha da Hans overtok, overeinskomsta vart fornya i 1852. Folketeljinga 1865 viser at Hans var føderådsmann på det som da vart kalla øvre Raastad og budde saman med systrene Mari og Marit, men bruket vart nemnd som Raastad nordgard øvre som saman med midre Raastad vart drivt som underbruk av Håkenstad. Mari og Marit dreiv litt jord og hadde ei ku i 1875.

Ole Paulsen Håkenstad overtok bruken av Nørste-Hellhordene i 1842 mot å betale rente av eit banklån. Pål Håkenstad kjøpte i 1864 nørstre stugu og i 1866 søre stugu. I 1871 var det auksjonsskjøte frå Hans Paulsens dødsbu til Paul Haagenstad for 1480 spd. Dermed kom nørste 33-3 saman med megarden 32-1 og halve nordgard 33-1. Desse vart samanføygd i 1900-1904 til gnr. 32 bnr. 1.

Trygve Haakenstad fekk i 1931 skjøte frå faren på Råstad gnr. 32 bnr. 1 for kr 10000,-. Han overtok i 1935 Midtgaard gnr. 32 bnr. 7 frå foreldra for kr 5000,-, frå denne eigedommen vart i 1939 frådelt og seld Myrabø gnr. 32 bnr. 10 skyldmark 2,00; bnr. 7 hadde da att skyldmark 0,60 som var skogen i Hortmorka. Trygve 1913-1993 var son til Ola Håkenstad 1877-1964 og Anna Faulstad, Heidal 1873-1954. Tryve vart 1950 gift med Marit Torlaug Tallerås, Dovre f.1919 dotter til Simen Tallerås og Magnhild Landheim. Tygve og Torlaug hadde 3 barn:

Mari f.1951, g.m. Ivar Brandsarbakken, Skjåk

Steinar Ola f.1954, neste brukar

Åse f.1956

Steinar vart 1976 gift med Marit Harildstad, Nord-Fron f.1946, dotter til Pål Harildstad f.1904 og Ingrid Sylte f.1912. Steinar og Marit har 3 barn:

Torstein f.1977, neste brukar

Ingvild f.1979

Torhild f.1982

Steinar vart gift på nytt med Randi Flåten, Huden f.1957 dotter til Asmund Flåten 1922-1980 og Agnes Svare s. f.1917.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom  
Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker  
Norske gardsbruk 1953-1997  
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.  
Trygve Haakenstad, Jutulen 2018: Råstad-gardene  
Jakup Skjedsvoll: notat om nørdeste Råstad på 1600-talet  
Ola Magne Svare

## Sveen

Sveen låg truleg om lag der husa i Skulmesterstugu er nå og har gått inn i det bruket. Dei gamle husa i Skulmesterstugu står lenger vest nærare Måla.

Syver Eriksen var husmann på Sveen. I 1865 var Syver f.ca.1786 legdslem på sygard Raastad. Syver var truleg frå Lundevangen son til Erik Jensen f.ca.1758 d.1836 og Anne Eriksdotter f.ca.1753 d.1814. Syver vart 1812 gift med Sigri Olsdotter f.ca.1794, ho budde på Sveen i 1865. Ved alle barnefødsalar frå 1819 er det nemnd Raastadeie. Syver og Sigri hadde 6 barn:

Marit f.1816

Erik f.1819

Ole 1823-1852, neste brukar

Anne 1826-1829

Jens f.1826, g.m. Anne Østensdr. Siemseie f.ca.1822

Anne f.1839, ho hadde dottera Brit Jacobsdr. f.ca.1861. Dei var på Sveen i 1865.

Ole Syversen og hustru fekk husmannskontrakt i 1853 av Hans Paulsen nørdeste Raastad. Ole vart 1844 gift med Marit Simonsdotter Skjedsvoldeie f.ca.1821 dotter til Simon Olsen Skjedsvoldeie. Ved dåp i 1844 vart Ole nemnd som Sveen under Raastad. Ole og Marit hadde 5 barn:

Sigri f.1844

Hans f.1846

Syver 1849-1862

Simon f.1851

Ole f.1859

Det budde folk i Sveen til ca.1870.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker  
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.  
Trygve Håkenstad: slekts- og gardshistorie på Håkenstad

## Røisen

Etter stadnamnkart var Røisen like ovanfor nåverande innkjøring til nørste Råstad. D.v.s. litt aust og ned for Sveen. Jens Syversen vart nemnd der da han døydde i 1895. Dette må vera Jens Syversen Sveen f.1826 son til Syver Eriksen og Sigri Olsdtr. Jens var gift med Anne Østensdotter Siemseie f.ca.1822. Ved barnefødsjar budde dei på Siemseie i 1854 til 1859 og på Raastadeie i 1864, ved folketeljinga i 1865 i Holslykkja og i 1875 på Lille-Østeng. Jens og Anne hadde 4 barn:

Sigri f.1854, til Agerø

Østen f.1857, til Amerika i 1891

Anne f.1859, til Agerø i 1885

Imbjør f.1864

Jens hadde før ekteskapet 2 barn:

Anne f.1851, mora var Anne Syversdtr. Haagenstadeie

Iver f.1852, mora var Marit Iverdtr. Enersvoldstuen

I 1920 budde Johannes Olsen Svarehaugen f.1871 og systera Marit f.1872 på Røisum (Røisen), truleg var det same plassen. I 1910 budde dei på Nigardshaugen.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Trygve Håkenstad: slekts- og gardshistorie på Håkenstad

## Skulmesterstugu

Skulemester Ivar Pedersen Raastad 1786-1844 var son til Peder Syversen Lunde s. f.ca.1750 og Imbjør Amundsdr. Raastad m. 1754-1832. Ivar vart 1825 gift med Mari Christophersdotter Galstad f.ca.1789 d.1873. I 1865 var Mari husmann med jord. Ivar og Mari hadde ikkje barn, men tok til seg

Arne Hansen f.ca.1814 d.1880, neste brukar

Arne vart nemnd på Håkenstad da han gifta seg, han var son til Hans Øygarden. Arne vart 1838 gift med Rønnaug Thorsdotter Raastadeie f.ca.1818 d.1895 dotter til Thor Aamodt i Kvam. I 1865 var Arne husmann med jord på Raastadeie, om dette var her eller annan plass er usikkert. I 1875 var Arne inderst og vegarbeidar og budde i Skulmesterstugu. Arne og Rønnaug hadde 5 barn:

Ole 1838-1921, neste brukar

Thor f.1841

Marit f.1847, hadde dottera Ragnhild Pedersdr. f.1873

Mari f.1856

Ragnhild f.1858

Ole var i 1875 husmann med jord i Skulmesterstugu, i 1900 nemnd som husmann i øvre Skolestuen. Også i 1920 var Ole og Anne husmannsfolk i Skolestuen. Ole vart 1874 gift med Anne Olsdotter Haagenstadeie 1848-1934 dotter til Ole Jacobsen Haagenstadeie. Ole og Anne hadde 3 barn:

Mari f.1877

Anne f.1881

Ragnhild f.1888

Anne hadde før ekteskapet 1 barn:

Ole Hansen f.1869

Ole hadde før ekteskapet 2 barn:

Ole f.1859, mora var Marit Simensdtr. Jellet

Iver 1861-1911, mora var Gunild Jacobsdtr. Haugen. Iver budde hjå faren i 1865, til Steinli

I følge Norske gardsbruk kjøpte Hans Aasen bruket Skulmesterstugu av O. P Håkenstad i 1927. Frådelling av gnr. 32 bnr. 15 Skulmesterstugu frå Raastad mellom gnr. 32 bnr. 1 vart gjort i 1946 med skjøte frå Trygve Håkenstad til Hans Åsen i 1957. Hans 1899-1989 var son til Hans K Sveen og Kari Øygarden. Hans vart 1924 gift med Marit Grasdalsmoen 1899-1986, dei hadde 4 barn:

Kari f.1925

Helge f.1930

Hans f.1934

Magne f.1938, neste brukar

Magne tok over etter faren i 1970. Magne vart 1963 gift med Astrid Bråthen f.1943 dotter til Håkon Engen f.1923 og Ragna Haugøy Bråten f.1923. Magne og Astrid har 3 barn:

Hans f.1963, neste brukar

Margrethe f.1964, g.m. Terje O Pedersen

Knut f.1968

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Ola Svare, Årbok for Gudbrandsdalen 1932: Iva Skulemester

## Steinli

Iver Olsen Raastadeie 1861-1911 var frå Skulmesterstugu son til Ole Arnesen Skulmesterstugu 1838-1921, mora var Gunild Jacobsdtr. Haugen. Iver vart 1885 gift med Ragnhild Olsdotter Skjellum 1861-1942 dotter til Ole Olsen og Kari E. Sjellum f.1834. Ved alle barnefødsler er det brukt namnet Skulmesterstugu, og i 1891 er familien registrert der som ein familie nr. 2. I følge Norske gardsbruk kjøpte Iver i 1895 grunn frå nordgard Råstad



gnr. 32 bnr. 6. I 1900 vart familien registrert på Skolestuen nedre som må vera Steinli. Iver og Ragnhild hadde 3 barn:

Gunild f.1886

Kari 1890-1923, neste brukar

Mari f.1899

Kari var gift med Hans Jakobsen Sæta 1889-1977 og i 1920 var han husmann. Steinli gnr. 32 bnr. 13 vart 1945 frådelt frå nordgard Råstad med skjøte i 1947 frå Anton Teigen til Hans Sæta for kr 2000. Hans og Kari hadde 2 barn:

Ymbjør 1914-1981, neste brukar

Ragnhild f.1920

Ymbjør vart 1943 gift med Olav Ulsanden 1914-1996 son til Hans Ulsanden og Ymbjørg Bukkesten. Olav overtok Steinli i 1959. Olav og Ymbjør hadde 4 barn:

Kåre Hans f.1944, neste brukar

Inger Haldis f.1945, g.m. Håkon Briskelund

Bjørn f.1948, g.m. Aslaug Marit Langrusten

Erling f.1951, g.m. Bjørg Reidun Holshagen

Kåre Hans overtok i 1981. Han vart 1969 g.m. Astrid Josten, Sel f.1949 dotter til Iver Josten n. f.1901 og Ingeborg Josten s. f.1907. Kåre og Astrid har 3 barn:

Ann Kristin f.1970, sbm. Terje Eimstad

Odd Ivar f.1971, g.m. Anne Grete Næprud

Inger Marie f.1976

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

## Raastadlykkja

Raastadlykkja låg høgt oppmed Lauvåa ovanfor nørste Raastad. Dette har også vore nemnd som Kleivlykkja fordi husmannen der kom frå Søremskleiven.

Thore Knutsen var i 1865 var han husmann med jord og skreddar. Thore Knutsen fekk feste på plassen i 1860 av Hans Pålsen nørste Raastad, men ved barnefødsler frå 1835 vart familien nemnd på Raastad eller Raastadeie. Thore Knudsen Raastad f.1812 var son til Knut Kaarbø, Lesja (sersjant Bø) og Anne Jonsdr. nordgard Råstad 1786-1867. Knut vart 1835 gift med Thorø Christoffersdotter Galstad f.ca.1815 dotter til Christopher Galstad. Thore og Thorø hadde 10 barn:

Jon 1835-1858

Christoffer f.1837

Knut 1839-1839  
Knut f.1841  
Mari f.1843  
Ole f.1845  
Hans f.1848  
Tosten f.1850  
Marit f.1852  
Ole f.1855

Ole Jørgensen Raastadløyken f.ca.1817 var i 1875 husmann med jord. Ole var frå Sjøremskleiven son til Anne Olsdr. f.1797, faren var Jørgen Poulsen Brænden. Ole vart 1843 gift med Anne Kristensdotter Lundeeie f.ca.1818 dotter til Christen Løyten, Garmo. I 1865 var familien på Håkenstadøyen i Vågåmo, dei var truleg på same plassen ved barnefødsjar frå 1852. Ole og Anne hadde 8 barn:

Ole f.1845, neste brukar  
Anne 1848-1848  
Anne 1849, til Bolsø 1868  
Jørgen f.1852, til Amerika 1878  
Anne f.1855  
Johan f.1856, til Amerika 1878  
Ragnild f.1859  
Kari f.1861

Ole Olsen f.1846 var i 1900 og 1920 husmann, han vart i 1891 nemnd som familiens overhovud. Ole var gift med Marit Iversdotter Øyseie 1856-1886 dotter til Iver Iversen Øyseie. Ole og Mari hadde 4 barn:

Ole f.1875  
Guri f.1878, hadde dottera Mari Berntsdr. f.1905. Guri stelte huset for faren i 1920.  
Anne 1881-1896  
Iver f.1886

Ole vart 1887 gift på nytt med Anne Olsdotter f.1865-1903 dotter til Ole Amundsen Ole og Anne hadde 8 barn:

Johan f.1888  
Mari f.1889  
Kari f.1891  
Ole 1894-1897  
Ole f.1897  
John f.1899  
Anton f.1901  
Mina 1903-1904

Dei som var att av familien flytta til Lesja i 1927.

Ola Andersen Raastad syg. 1855-1928 budde i Raastadlykkja da han døydde. Ola var gift med Rønnaug Pedersdr. Spelmannstugu 1863-1950. I 1900 budde dei på Lille-Blessom, i 1908 på Stavseng og i 1920 på Raastadplassen i Skårvangen. Ola og Rønnaug hadde pleiedottera Mari Spelmannstuen 1908-1975, ho var dotter til Ola Olsen Sveen og Pauline Spelmannsstuen 1875-1913.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Trygve Håkenstad: slekts- og gardshistorie på Håkenstad

## Stugu ved Raastad

Enkja Anne Jensdotter Flaten 1850-1935 budde i 1920 i stugu synst på sygard Raastad-jordet. I 1900 budde ho på Sætaflaten. Anne Jensdr. Haagenstadeie var dotter til Jens Syversen Raastadeie (Sveen, Røisen) og Anne Syversdr. Håkenstadeie. Anne vart 1879 gift med Ole Engebretsen Blessumeie Sætaflaten 1824-1893 son til Engebret Olsen Blessumeie. Anne og Ole hadde 4 barn:

Matias f.1878

Kari f.1880

Ragnhild Olsdotter f.1883, hjå mora i 1920

Ingri f.1886

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker

## Øygarden

Øygarden ovanfor sygard Raastad var etter stadnamnkart slåtteland. Men det er gamle tomter der, og Ragnhild frå nordgard Raastad skulle ha budd her. Ragnhild var dotter til John Arnesen, han selde halve nordgard Raastad til sygard i 1861 og reisten til Håkenstad i 1867. John Arnesen utvandra til USA i 1867. Dottera Ragnhild reiste i 1876, ho vart gift med ein frå Sandbu (Iver?). Det kan tenkjast at enkelte av familien har budd på Øygarden nokre år. John Arnesen Raastad f.1815 vart 1844 gift med Eli Jonsdotter Nystugu ved Stuguflåten, Lesja. John og Eli hadde 7 barn:

Aagot 1845-1862

Arne 1847-1866

Marit f.1849, til USA

John f.1852, til USA

Ole f.1855, til USA 1867

Ragnhild f.1858, til USA 1876

Knut f.1862, til USA

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker

Åse og Marit Raastad